



Liv Astrid Myhre saman med døtrene Ann Helen og Mette hadde tanken og ville prøva andrehandssalg i Uskedalen.

Det var på mange måtar eit nyskapande tiltak vi fekk vera med på i Helgheim i dag, ikkje loppemarked, men det som vert kalla andrehandssalg eller second salg. Nokre kallar det Pop up salg der ein legg gode varer ut for salg i eit tidsavgrensa tidsrom. Det kan vera kle, sko, tekstilar, vesker, smykker og andre heimelaga produkt. Liv Astrid Myhre hadde ideen til å prøva denne form for salg i Uskedalen. Kafeen og salget held fram i morgon, søndag 11. november.

Liv Astrid hadde med seg døtrene Ann Helen og Mette. Alle er gripen av tanken med gjenbruk og ikkje minst få til andrehandssalg på nye og lite brukte varer. Eit bakgårdssalg på Hotel Atlantic i Stavanger var utgangspunktet. Anne Helen har budd i Malaysia og Tyskland der ho har kjøpt kle og sko med god kvalitet, ofte med ein eigen design. Produkta er mest ikkje brukte og altfor gode til å bli kasta. Ho gler seg dersom nokon seg nytten og vil kjøpa for ein rimeleg pris. Mannen hennar kjem frå Calgary i Canada.



[Kulepennar der skaftet er dreia og laga av ei 2800 år eikestamme er av dei meir sjeldne varene.](#)

Mette Ekornrød bur og driv gard saman med mannen sin på Vesttun i Austrheim. Dei driv med kjøttproduksjon, men har laga til for kreative tiltak med sløyd og handverk for born og vaksne. Grindbygde hus er ein del av tunet. Av meir sjeldne varer kan ho syna til kulepennar der skaftet er dreia av ei 2800 år gamal eikestamme funnen i ei myr på Radøy.

På ein av standane finn vi ull og garn av beste sorten. Tekstil og strikka plagg er populære for tida. Om du sit inne med store mengder garn, ja, så kan andrehandssalg vera ei god løysing for å la andre få tilgang til nett dette produktet.

Kafeen og salget held fram i morgon frå kl. 12 til kl. 18. Om du ynskjer det, kan du ta sundagsmiddagen i Helgheim. Liv Astrid serverer kjøttkaker, dessert, kaffi og kaker. Ikkje la denne sjansen gå frå deg. Kom i Helgheimskjellaren og opplev noko som for mange er nytt og spennande.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Malene Myhre Olsen og Iselin Myklebust selde ting dei har for mykje av og der 60 % av inntekta går til Utryddingstruga dyreartar.